

Kvalitetsmelding skule 2024

Gloppen kommune

Lagt fram i april 2025

1 Innleiing

Det er frå 1. august 2024 ikkje lenger eit krav i opplæringslova å utarbeide ei kvalitetsmelding eller tilstandsrapport om kvaliteten i opplæringa. §17-12 i opplæringslova (som var ny frå 1. august 2024) seier mellom anna at kommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskuleopplæringa. Kommunen skal sørge for at skulane jamleg vurderer i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette med i opplæringslova og læreplanverket som gjeld.

Kommunestyret skal minst ein gang i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. No legg vi fram ei kvalitetsmelding etter tidlegare mal, så få kommunestyret vurdere i kva form dei ynskjer å bli informert og med kva frekvens innanfor minimumskravet.

Denne kvalitetsmeldinga tek utgangspunkt i skuleåret 23/24, men tek med seg tal frå inneverande skuleår der det er naturleg og dei er tilgjengelege som til dømes nasjonale prøver og elevundersøkinga.

2 Gloppen Opplæringssenter

Førebuande opplæring for vaksne, FOV

Gloppen kommune satsar på utdanning og kvalifisering. Når flyktningar kjem til kommunen, fyller dei ikkje alltid vilkåra for å kunne starte på vidaregåande skule. Kommunen har i regi av Gloppen opplæringssenter, lagt til rette for førebuande opplæring for vaksne (grunnskuleopplæring) som del av introduksjonsprogrammet. I 2024 hadde vi ei grunnskuleklasse for denne elevgruppa ved senteret.

Innføring av modulbasert opplæring

1.august 2024 vart det innført nye læreplanar frå Udir i høve modulbasert grunnskuleopplæring, FOV. I desse planane er det lagt opp til svært stor differensiering av opplæringstilbodet. Opplæringa skal delast inn i 4 modular som byggjer på kvarandre, og det skal vere stor grad av fleksibilitet i undervisninga. Mykje av haustsemesteret har gått med til innføring av dei nye læreplanane. Spesielt utfordrande har det vore at det nesten ikkje føreligg læreverk på nynorsk tilpassa dei nye planane. På ein liten skule som GOS, har ein heller ikkje lærar-ressursar nok til å dele elevane inn klasser fordelt på 4 modular. Dette medfører at elevane får undervisning i dei ulike modulane i det same klasserommet, og ein lærar må lage mellom tre og fire parallelle undervisningsopplegg til ein time.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

For å få permanent opphald i Noreg, må innvandrarar og flyktingar gjennomføre opplæring i norsk og samfunnskunnskap og bestå eksamen både i samfunnskunnskap og norsk. Gloppen opplæringsssenter er godkjend prøvestad og arrangerer offisielle norskprøver, statsborgarprøver og prøver i samfunnskunnskap utvikla av Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse, HK-dir, fleire gonger i året.

Foto: Kjersti Rønningen



11 kandidatar gjennomførte opplæring og tok eksamen i samfunnskunnskap i 2024. 73 prosent bestod testen på første forsøk. 19 kandidatar tok avsluttande prøver i norsk i 2024. Denne prøven består av 4 delprøver: Munnleg, skriftleg, les og lytt. Lågast nivå er A1 og høgast mogelege nivå er B2. Deltakarane fekk spesielt gode resultat i munnleg norsk medan det kan sjå ut som at lese-testen har vore den mest utfordrande.

Resultata var som følgjer:

Delprøve	Ikkje grunnlag	A1	A2	B1	B2
Munnleg		15,4 %	38,5 %	46,2 %	
Skriftleg	14,3 %	35,7 %	42,9 %	7,1 %	
Les		50 %	35,7 %	7,1 %	7,1 %
Lytt		35,7 %	50 %	7,1 %	7,1 %

Utvikling tal elevar

Kommunen vedtok å busetje 50 flyktingar i 2024 og senteret hadde i overkant av 100 elevar. Alle flyktingar har rett til norskopplæring i minimum eitt år. Avhengig av utdanningsbakgrunn, varierer lengda på retten deira til meir opplæring, og total opplæringstid kan difor variere frå 1 til 4 år. Eit fleirtal av elevane ved skulen kjem frå Ukraina, men kommunen buset og flyktingar frå andre land. I 2025 skal Gloppen busetje 30 flyktingar, så ein reknar med at drifta ved skulen vil vere omlag på same nivå også det komande år, sidan mange av dei som kom i 2024 framleis har rett på opplæring.

3 Grunnskule

Elevtal i grunnskulen i Gloppen:

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
777	788	774	776	751	712	723	695	723

3.1 Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene vert gjennomført kvar haust for 5., 8. og 9. trinn. Dei er obligatoriske for alle grunnskular i Noreg og skal nyttast til å vurdere og utvikle elevane sine dugleikar i lesing, rekning og engelsk. Tala her er henta frå [helsedirektoratet sin statistikkbank](#) og [Udir](#).

Meistringsnivåa illustrerer kor mykje elevane meistarar. Meistringsnivå 1 er det lågaste nivået og meistringsnivå 3 eller 5 er det høgaste nivået. På 5. trinn er det tre meistringsnivå. På ungdomsskule er det fem.

Nasjonale prøver 5. trinn 2024-25

Skalapoeng engelsk

51⁵⁰
i fjor

Skalapoeng lesing


48⁵⁰
i fjor

Skalapoeng regning

48⁵¹
i fjor

Mestringsnivåfordeling

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Grafisk framstilling av resultata av nasjonale prøver på 5. trinn for skuleåret 24/25

Når det gjeld engelsk 5. trinn har vi hatt ei god utvikling dei siste åra. I 2022 var 32 % på nivå 1, i 2023 29 %, og som vi kan sjå på figuren over er talar nede i 21 % for inneverande skuleår.

Tabellen under viser utviklinga i leseferdigheit dei siste tre skuleåra: (Grunna endringar i nasjonale prøve kan vi ikkje samanlikne tal som går lenger tilbake.)

Leseferdigheit 5.trinn, Gloppen, prosent (Nasjonale tal i parentes)	2022/23	2023/24	2024/25
Nivå 1	29 (23)	22 (25)	29 (27)
Nivå 2	42 (49)	53 (49)	57 (47)
Nivå 3	29 (29)	25 (26)	14 (26)

Det er store skilnader frå kull til kull, derfor er det lettare å samanlikne oss med andre når vi slår saman gjennomsnittet for fleire skuleår:

Leseferdigheit 5.trinn, prosent, samansett av skuleåra 22/23, 23/24 og 24/25	Gloppen	Vestland	Norge
Nivå 1	27	26	25
Nivå 2	50	49	48
Nivå 3	23	25	27

Når det gjeld lesing, har vi litt fleire på lågaste meistringsnivå, men det er ikkje store skilnaden frå fylkes og landsgjennomsnittet.

På rekning ser vi av tabellen under at vi har ein del fleire i lågaste meistringsnivå enn fylket og landet, men omtrent like mange i høgaste meistringsnivå.

Rekneferdigheit, 5.trinn prosent, samansett av skuleåra 22/23, 23/24 og 24/25	Gloppen	Vestland	Norge
Nivå 1	32	25	27
Nivå 2	42	49	49
Nivå 3	26	26	25

Nasjonale prøver 8. trinn 2024-25

Skalapoeng engelsk

47⁴⁹
i fjor

Skalapoeng lesing


46⁴⁹
i fjor

Skalapoeng regning

47⁵³
i fjor

Mestringsnivåfordeling

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Grafisk framstilling av resultata av nasjonale prøver på 8. trinn for skuleåret 24/25

Når det gjeld engelsk så har vi litt fleire enn landsgjennomsnittet på lågaste meistringsnivå.

Engelsk, lågaste meistringsnivå	22/23	23/24	24/25
Gloppen	10	16	12
Norge	10	10	9

Lesing

Utvikling på dei høgaste meistringsnivåa i lesing siste 3 år:




Her er tala for tre skuleår slått saman for å lettare kunne samanlike nivået med fylkes- og landsnivået:

Leseferdigheit, 8. trinn prosent, samansett av skuleåra 22/23, 23/24 og 24/25	Gloppen	Vestland	Norge
Nivå 1	16	12	11
Nivå 2	22	23	22
Nivå 3	33	39	38
Nivå 4	20	19	20
Nivå 5	9	7	9

Rekning

Utvikling på dei høgaste meistringsnivåa i rekning siste 3 år:

Elever på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)



Rekneferdigheit, prosent, samansett av skuleåra 22/23, 23/24 og 24/25	Gloppen	Vestland	Norge
Nivå 1	13	12	12
Nivå 2	18	20	21
Nivå 3	39	39	38
Nivå 4	19	20	20
Nivå 5	11	9	9

Nasjonale prøve i rekning syner at vi ligg over fylkes- og landsgjennomsnittet på det høgaste meistringsnivået, og har litt færre elevar på nivå 1 og 2 samanlagt. Rekning har vore dei prøvene vi totalt sett gjer det best på samanlikna med fylket.

3.2 Standpunktkarakterar

Fag	GLOPPEN						Vestl	Norge
	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	23/24	23/24
Norsk hovudmål	4,0	3,7	3,8	3,9	3,7	3,9	4,0	3,9
Norsk sidemål	4,3	3,8	3,7	3,8	3,9	3,9	3,9	3,8
Norsk munnleg	4,5	4,1	4,1	4,1	3,9	4,3	4,3	4,3
Engelsk	4,1	4,1	3,7	4	3,8	4,3	4,3	4,2
Matematikk	3,9	3,8	3,6	3,7	4,1	3,8	3,7	3,7

Standpunktkarakterane er dei karakterane lærarane sjølv gjev elevane etter vurdering i faget. Med unntak av matematikk, så vurderer vi elevane våre lågare eller likt med fylket og landet.

3.3 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24
Gloppen	43,3	40,7	43,2	41,7	40,3	41,7	41,6	41,6
Vestland	41,6	42,0	42,4	43,3	43,5	43,6	42,8	42,4
Nasjonalt	41,4	41,8	42,0	43,2	43,3	43,4	42,4	42,2

Tabellen over syner grunnskulepoenga elevane i Gloppe i gjennomsnitt tek med seg ut av skulen både gutar og jenter. Vi ser at dei siste 5 åra har lege stabilt under både fylke og nasjonale tal.

Grunnskulepoeng Gloppen, etter kjønn	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24
Jenter	42,1	45,7	45,1	43,3	43,3	44,1	44,5	44	44,5
Gutar	39,7	41,0	37,3	41,6	39,5	37,9	38,6	39,7	39,6
Differanse	2,4	4,7	7,8	3,7	3,8	6,2	5,6	4,3	4,9
Differanse Vestland					4,2	4,3	3,9	3,4	3,8
Differanse nasjonalt					4,4	4,5	4,3	4,0	4,0

Vi ser av grunnskulepoenga at dei ligg stabilt siste åra. Grunnskulepoenga ligg framleis under fylke og nasjonalt sjølv om det er mindre forskjell siste året enn det har vore siste åra. Differansen mellom gutar og jenter har blitt mindre, men er framleis høgare enn det er både i fylke og nasjonalt.

3.4 Eksamenskarakterar

	2022-23 ?	2023-24 ?
	Skriftlig eksamen ?	Skriftlig eksamen ?
	Alle eierformer ?	Alle eierformer ?
	Alle kjønn ?	Alle kjønn ?
Fag - Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Snittkarakter ?	Snittkarakter ?
- Engelsk 10. årstrinn	3,7	3,8
- Hele landet	3,7	3,8
- Vestland	3,8	3,9
+ Gloppen	3,8	3,5
- Matematikk 10. årstrinn	3,5	3,3
- Hele landet	3,5	3,3
- Vestland	3,4	3,3
+ Gloppen	4,1	3,2
- Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	3,4	3,5
- Hele landet	3,4	3,5
- Vestland	3,4	3,4
+ Gloppen	3,5	3,6
- Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	3,4	3,3
- Hele landet	3,4	3,3
- Vestland	3,4	3,3
+ Gloppen	3,5	3,0

Tabellen over syner resultat på skriftleg nasjonal gitt eksamen. Tala syner at vi ligg over både fylke og nasjonalt på eksamen. Vi ligg under på standpunkt. Det betyr at vi scorar fagleg godt i faga med ein nøytral og ekstern vurdering. Er vi for strenge på standpunktvurderinga vår? Det er noko vi må sjå på.

3.5 Fråvær

Den offisielle statistikken under syner fråvær for 10 trinn: der vi har tal som er lågare enn fylke og rimeleg likt med Norge. Vi ser og at gutane har lågare fråvær enn jentene, det gjeld både lokalt og nasjonalt.

Fråvær skuleåret 23/24, 10. trinn, median:


	Samla, dagar	Samla, timar	Gutar, dagar	Gutar, timar	Jenter, dagar	Jenter, timar
Gloppen	8	2	7	2	9	8
Vestland	9	6	8	5	10	7
Norge	8	7	7	6	9	8

I tillegg har ut utarbeida lokal statistikk for alle grunnskulane. (Dette er gjennomsnitt, og kan derfor ikkje samanliknast med tabellen over)


Fråvær skuleåret 23/24, alle trinn, gjennomsnitt:

	Samla, dagar	Samla, timar	Gutar, dagar	Gutar, timar	Jenter, dagar	Jenter, timar
Breim	10,4	2,4	9,6	1,4	11,1	2,2
Nordstranda	8,1	1,3	6,9	1,1	9,5	1,5
Sandane	7,7	1,1	7,8	0,9	7,6	1,3
Hyen	11,6	6,1	12,8	4,5	10,2	8
GU	12,4	7,4	11,1	7	13,8	7,8
Grunnskulene i Gloppen, samla	9,7	3,4	9,2	3,1	10,3	3,8

Vi ser det same her som nasjonalt at gutane jamt over har litt lågare fråvær enn jentene.



Diagrammet syner gjennomsnitt dagsfråvær (heile dagar) ved kvar skule. Koronaåret 21/22 skil seg ut med høgt fråvær. Etter det har det samla fråværet gått ned og flata ut, med ein flat stigande tendens. Ser vi på diagrammet under så syner det likevel at dei elevane med urovekkande skolefråvær er stigande.




Stolpediagrammet syner kor mange elevar som er over 10% fråvær ved kvar skule siste 3 heile skuleår. Her målt i dagsfråvær. Vi ser ein sterkt stigande tendens. 10 % er valt som utgangspunkt fordi det er fråværgrensa i vidaregåande skule for å få vurdering og bestått. Elevane i denne gruppa har sjølvsagt store forskjellar seg imellom, der nokon har naturleg og planlagt fråvær, medan andre er meir vekke frå skulen enn dei er på skulen.

3.6 Elevundersøkinga og skuletrivsel

Elevundersøkinga 7. trinn.

Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 7. årstrinn




2024-25, Gloppen, 7. årstrinn, Alle indikatorer, Alle eierformer, Alle kjønn

Grafen over syner svara til våre 7. klassingar. Dei syner svar som er klart over dei nasjonale tala, noko som er gledeleg. Det er spesielt gledeleg at motivasjonen er god, her har vi over år sett ein trend med dårlege tal.

Skuletrivsel på mellomtrinnet, Ungdata 2024


Prosentdel gutar og jenter som er einige i ulike utsegner om korleis dei har det på skulen



I Ungdata 2024 svarte 87 % av mellomtrinnelevane at dei trivst på skulen. 86 % kjenner at dei passar inn blant dei andre elevane. 93 % av jentene og 86 % av gutane svarer at lærarane bryr seg om dei. Fleire gutar (85 %) enn jenter (70 %) kjeder seg på skulen, men fleire gutar svarer at dei alltid har det bra i friminutta. Det er fleire jenter (35 %) som ofte gruer seg til å gå på skulen enn gutar (26 %).

Skuletrivsel på ungdomstrinnet, Ungdata 2024

**Prosentdel gutar og jenter som er litt eller heilt
einige i ulike utsegner om korleis dei har det
på skulen**



Ca 85 % av elevane på ungdomstrinnet svarer at dei trivst på skulen. Dette er nokså likt med Ungdata 2021, men i 2017 var talet 95 %. Nesten 80 % svarer at lærarane bryr seg om dei. Litt fleire gutar (79 %) enn jenter (75 %) føler at dei passar inn blant dei andre elevane. På ungdomstrinnet er det jentene som kjeder seg mest på skulen, 86 % av jentene og 80 % av gutane svarer at dei gjer det. Kring 30 % av elevane gruer seg ofte til å gå på skulen.

Elevar på ungdomstrinnet i Gloppen som svarer at dei er nøgd med skulen sin har gått ned frå 78 % i 2017, til 62 % i 2021 og vidare ned til 57 % i 2024. Vi ser ei tilsvarande utvikling på det å oppleve at lærarane bryr seg om dei. Lærarane si oppfatning er at dei bruker minst like mykje tid på å følgje opp og tilretteleggje for den enkelte no som tidlegare.

3.7 Mobbing

Elevundersøkinga


Elevundersøkinga er obligatorisk i 7. klasse og 10. klasse, og det er der vi får offisielle tal presentert. Resultata frå elevundersøkinga på mobbing er i stor grad skjerma med tanke på personvern. Tabellen under ligg offentleg på [Udir.no](https://udir.no). Den viser kor stor prosent av elevane som opplever mobbing på skulen 2-3 gongar i mnd eller oftare.

7. trinn

Skuleår:	Gloppen 7. trinn	Vestland 7. trinn	Norge 7. trinn
24/25	5,1	11,9	12,3
23/24	10	11,9	12,8
22/23	9,2	9,2	9,9
21/22	16,7	7,8	7,9

Samanlikna med fylke og nasjon så har vi betre tal. Vi ser og at tala våre har gått ned, og er omtrent halverte på 7. trinn sidan 21/22.

Mobbing på skolen – Utvikling over tid – 7. årstrinn



Gloppen, Alle skuleår, 7. årstrinn, Mobbing på skolen, Alle eierformer, Alle kjønn

Grafen syner utviklinga siste åra for 7. trinn, der utviklinga har gått i rett retning.

10.trinn

Skuleår:	Gloppen 10. trinn	Vestland 10. trinn	Norge 10. trinn
24/25	6,3	11,2	10,6

Når det gjeld 10. trinn er berre siste skuleår teke med, då resultata frå tidlegare år er “prikk” og unntekte offentlegheita. For dette skuleåret kjem vi betre ut enn fylket og landet. Vi som kommune har og tilgang til tal som ikkje er offentlege, og dei syner ein gledeleg reduksjon i mobbeprosent.

Vi ser at tal saker med aktivitetsplan i skulen er stabilt og (for?) lågt. Det er ingen klagesaker til Statsforvaltaren på mobbesaker etter opplæringslova. Vi ser likevel at vi har nokre saker som er komplekse sosiale prosessar og negative gruppedynamikkar, og det som skjer må sjåast i samanheng med omgjevnadane. Dei er vanskelege å kome til botnen i og løyse opp i fordi dei ofte har pågått i lenger tid.

Mobbeombodet i Vestland.

Mobbeombodet i Vestland lagar årleg ei årsmelding. I den peikar dei på ulike trendar og kjem med nokre tilrådingar. Mobbeombodet sine erfaringar og tendensar dei ser i Vestland siste år kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Urolege miljø og kampen om å høyre til.
- Mobbing der vaksne ikkje er - mykje skjer i skjul utanfor vaksne si rekkevidde, men og at vaksne ikkje vil sjå eller tek tak.
- Ufrivillig skolefråvær - samansette årsaker, men ofte i kombinasjon av å ikkje kjenne at det er trygt og godt på skulen
- Krenka av vaksne - auka tal saker der det er ei problemstilling, bli likt eller bli utsett for krenkande handlingar.
- Krevjande skule - heim samarbeid - handlar om å bli teken på alvor og få til eit godt samarbeid og ha felles forventningar
- Kva med barnehage? - auka fokus på å ta tak i ting tidleg utifrå at mykje startar i barnehagen.

Tilrådingane frå mobbeombodet for å lukkast med både førebygging og handtering er:

1. Skap god dialog med heimane
2. Kjenn barn og unge sine rettar
3. Laget rundt barnet må vere fulltalig
4. Arbeid systematisk, og set skulemiljø, klasseleing og sosial kompetanse øvst på agendaen


3.8 Lekse

Lekser

Ungdata spør om tid brukt til lekse både på mellomtrinnet og ungdomstrinnet.

Mellomtrinnet:

Omtrent kor lang tid bruker du på lekser og anna skulearbeid i løpet av ein vanleg dag?




Oppunder halvparten av mellomtrinnelevane bruker 30 min til ein time på lekse kvar dag. Dette er likt med landsgjennomsnittet. Men blant gloppe-elevane er det 26 % som bruker 1-2 timar, og 9 % som

oppgir at dei bruker meir enn to timar for dag på lekse. Det er vanlegare i Gloppen å bruke meir enn ein time, enn mindre enn 30 min. I landet er det motsett, der er det fleire som bruker mindre enn ein halv time på lekse kvar dag. Vi må hugse at det er elevane sjølve som blir spurt om kor lang tid dei brukar på lekse, og det kan vere vanskeleg for ein 10-12-åring å halde styr på det.


Ungdomstrinnet

Kor lang tid bruker du i gjennomsnitt per dag på lekser og anna skulearbeid utanom skuletida? Gloppen kommune og nasjonalt



Heile 26 % av elevane i ungdomstrinnet i Gloppen, altså kvar fjerde elev, svarer at dei aldri eller nesten aldri gjer lekser. På landsplan svarer 15 % det same. Gloppen ligg under på tidsbruk også blant dei som gjer lekser. Tidstrenden frå 2017 til 2024 viser at gloppeelevar som bruker minst ein time for dag på lekser, har gått kraftig ned sidan 2017. Då var det 42 %, i 2021 var det 37 %, og i 2024 27 %. Talet for Norge i 2024 er 33 %.

Vi ser altså at mellomtrinnelevane bruker meir tid på lekser enn landsgjennomsnittet, mens dei på ungdomstrinnet brukar mindre tid.



3.9 Individuelt tilrettelagt opplæring (Tidlegare spesialundervisning)

Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) i skulen har fått nytt namn etter ny opplæringslov som var gjeldande frå august 2024. Tidlegare var dette kalla spesialundervisning eller spes.ped.

Andel elevar som får individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) på ulike trinn i Gloppen:

	2020	2021	2022	2023	2024	Vestland 2024	Norge 2024
1.-4. trinn	6 %	6,5 %	7,4 %	4,8 %	4,9 %	5,2 %	5 %
5.-7. trinn	9,2 %	7,9 %	6,8 %	11,5 %	8,8 %	9,1 %	9,4 %
8.-10. trinn	10,9 %	8,6 %	6 %	8 %	8,1 %	9,3 %	10,3 %

Av tabellen over ser vi at Gloppen sine tal ligg under fylket og landet, noko som er bra. Det betyr at vi ikkje brukar spesielt mykje ressursar på det og at vi lykkast med ein del av den tilpassa opplæringa. Målet er tidleg innsats, slik at vi kan trappe ned ITO oppover i klassetrinna, der er vi ikkje endå. Det er eit område vi jobbar med å effektivisere ressursbruken på, slik at mellom anna PPT kan få bruke ressursane sine på dei sakene som verkeleg krev ekstra utgreiingar.

3.10 Lærartettleik

Lærartettleik er tal elevar pr. lærar. Tabellen under viser lærartettleik i ordinær undervisning i Gloppen, totalt:

2019	2020	2021	2022	2023	Vestland 2023
14	12,8	13,5	14,1	14,1	15,3

Lærartettleik på ulike trinn:

	2019	2020	2021	2022	2023	Vestland 2023
1.-4. trinn	12,2	11,6	12,4	12,2	12,8	13,2
5.-7. trinn	14,1	11,9	11,8	14,2	11,9	15,6
8.-10. trinn	15,7	15,5	16,7	16,2	19	17,6

Lærartettleiken i Gloppen er høgare i barneskulane våre enn i fylket og landet. Det er positivt for elevane og lærarane. Lærarnorm på 1. - 4. klasse er 15, og i 5.-7. klasse er det 20. På ungdomsskulenivå er lærartettleiken lågare, det betyr at vi har fleire elevar pr. lærar enn i fylket og landet. Lærarnorm er her 20.

Antall assistentårsverk i Gloppen pr. hundre lærerårsverk:

2019	2020	2021	2022	2023	Vestland 2023
22,2	19,9	18,2	16,3	15	17,3

Tabellen syner at assistentbruken har gått ned, det har vore ei ynskt og villa satsing. Det handlar både om kompetanse og inkludering.

3.11 KOSTRA grunnskule

Driftsutgifter grunnskule, samanlikna med VL og landet

	Gloppen 2021	Gloppen 2022	Gloppen 2023	Gloppen 2024	Vestland 2024	Landet 2024
➤ Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger korrigert for elever i pri	17 220	17 155	18 506	19 399	19 698	18 371
➤ Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger korrigert for elever i private skoler	14 092	14 188	15 103	15 931	15 348	14 369
➤ Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år korrigert for elever i private skoler (B)	139 543	143 987	151 266	158 834	167 906	160 580
➤ Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år korrigert for elever i private skoler (B)	114 196	119 078	123 447	130 440	130 823	125 604

Vi ser av tabellen at vi ligg under fylket og litt over landet på kostnad pr elev pr innbyggjar i Gloppen. Dette er dei totale kostnadane til grunnskule som bygg, skyss, SFO i tillegg til sjølve skuledrifta. Det er den øverste linja. Den neste linja viser den reine skuledrifta. Linje 3 er kostnad pr elev i målgruppa. Vi ser at kostnaden i Gloppen ligg under både fylket og landet. Siste linja syner det same der det er den reine skuledrifta som kjem fram, der er vi på linje med fylket og under nasjonalt. Det betyr i praksis at vi har mindre utgifter til skuleskyss, skulelokale og SFO, medan sjølv drifta er på linje med fylket.

Driftsutgifter grunnskule inkl kostragruppe 11

	Gloppen 2021	Gloppen 2022	Gloppen 2023	Gloppen 2024	Kostragruppe 11 2024
➤ Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger korrigert for elever i pri	17 220	17 155	18 506	19 399	17 209
➤ Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger korrigert for elever i private skoler	14 092	14 188	15 103	15 931	13 774
➤ Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år korrigert for elever i private skoler (B)	139 543	143 987	151 266	158 834	148 688
➤ Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år korrigert for elever i private skoler (B)	114 196	119 078	123 447	130 440	119 011

Denne siste tabellen syner Gloppen samanlikna med si kostragruppe som er gruppe 11. Kostragruppe er ei samanlikning med kommunar rundt om i landet som er samanliknbare i høve folketal, demografi, geografi osv. Tabellen syner at vi ligg over i kostnader per elev.

4 Overgang til og gjennomføring av VGS

Fullføringsgrad i VGS, elevar bustadsregistrert i Gloppen (Kjelde: Folkehelseinstituttet)

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
76 %	80 %	81 %	86 %	86 %	88 %	86 %	84 %

Elevar som er bustadsregistrert i Gloppen har over tid hatt høg fullføringsgrad i VGS. Vi har vore blant dei ti beste kommunane i landet. I 2022 ser vi at fullføringsgraden sank til 84 %. Dette var framleis høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet, men det gjer oss nysgjerrige ekstra på utviklinga vidare. Dessverre har SSB slutta å publisere tal på kommunenivå, og dei tala vi får ved bestille direkte frå dei er ikkje heilt samanliknbare. Inntil dei eventuelt begynner å gi kommunane dei tala vi treng, får vi halde oss til andre indikatorer.

Tabellen under syner kor stor del av av 16 åringane som startar på vidaregåande opplæring same året som dei avsluttar grunnskulen.

2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
100	97	95,6		98,5	94,8	97,4	97,5

Vi ser ein dupp i 2022, men så går tala opp igjen i 2023 og 2024. Fallet i 2022 kan i stor grad tilskrивast framandspråklege elevar som brukte ekstra år før den ordinære overgangen til vidaregåande skule.

Vidare kan vi sjå kor stor del av dei same elevane som fullfører første året i vidaregåande opplæring:

Overgangsår ungdomsskule - VGS	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Gloppen, tal elevar	85	68	97	101	67	69	76
Gloppen, bestått VG1 (%)	90,6	88,2	84,5	85,2	89,6	92,8	88,2
Vestland, bestått VG1 (%)	90,1	89	90,8	92,2	90,2	90	87,7

Kjelde: [VLFK](#)

5 Kommunebarometer Grunnskule

Kommunebarometeret er ei rangering av kommunane på ei rekkje indikatorar. 157 nøkkeltal innan 12 sektorar. Utarbeida av Kommunal Rapport. I 2024 utgåva var Gloppen samla sett rangert som nummer 5 av kommunane. Under ser du utklipp av det som gjeld grunnskule for Gloppen.

Tabellen syner korleis Gloppen er rangert i høve resten av landet sine kommunar (356 i talet)

Rangering

	2019	2020	2021	2022	2023
GSK01 Snitt grunnskolepoeng, siste fire år	87	87	241	248	275
GSK02 Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år	70		296	251	181
GSK03 Andel elevar som har fullført og bestått videregående innan fem år	1	66	200	31	97
GSK04 Andel elevar på laveste mestringsnivå, 5. trinn, snitt siste fire år	181	192	211	221	202
GSK05 Andel elevar på laveste mestringsnivå, 8. trinn, snitt siste fire år	24	80	77	105	120
GSK06 Andel elevar på laveste mestringsnivå, 9. trinn, snitt siste fire år	124	136	112	55	42
GSK07 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	1	1	62	214	62
GSK08 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8.-10. trinn	37	277	336	325	68
GSK09 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1.-7. trinn	243	297	233	113	227
GSK10 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8.-10. trinn	1	1	159	1	1
GSK11 Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	259	249	173	187	160
GSK12 Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	107	74	134	197	247
GSK13 Fysisk aktivitet, 5.-7. trinn	159	137	129	128	72
GSK14 Andel elevar med spesialundervisning 1.-4. trinn, snitt siste fire år	251	248	241	237	173
GSK15 Andel elevar med spesialundervisning 5.-7. trinn, snitt siste fire år	210	203	155	106	111
GSK16 Andel elevar med spesialundervisning 8.-10. trinn, snitt siste fire år	85	114	127	106	65
GSK17 Andel elevar som får leksehjelp, 1.-4. trinn	25	25	22	23	28
GSK18 Andel elevar som får leksehjelp, 5.-7. trinn	51	43	65	54	64
GSK19 Andel elevar som får leksehjelp, 8.-10. trinn	159	161	206	192	195

Kvalitetsmelding skule 2024

Tabellen under syner nøkkeltala som er vurdert i kommunebarometeret for grunnskule.

Nøkkeltall

	2019	2020	2021	2022	2023
GSK01 Snitt grunnskolepoeng, siste fire år	42.05	42.23 ↑	41.23 ↓	41.57 ↑	41.2 ↓
Vekt i sektor: 10%, vekt totalt: 2% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	41.22	41.44	42.01	42.44	42.62
GSK02 Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år	42.7		40.3	41.7 ↑	41.6 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	41.45	42.84	42.72	42.96	41.93
GSK03 Andel elever som har fullført og bestått videregående innen fem år	90.62	83.12 ↓	77.92 ↓	88.1 ↑	81.16 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	75.98	77.23	76.1	80	79.65
GSK04 Andel elever på laveste mestringsnivå, 5. trinn, snitt siste fire år	29.6	29.47 ↓	30.85 ↑	31.35 ↑	30.38 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	27.82	28.2	28.4	28.46	28.62
GSK05 Andel elever på laveste mestringsnivå, 8. trinn, snitt siste fire år	6.5	8.34 ↑	8.24 ↓	9.22 ↑	10.55 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	9.71	9.8	9.84	10.24	11.26
GSK06 Andel elever på laveste mestringsnivå, 9. trinn, snitt siste fire år	5.85	5.7 ↓	5.41 ↓	4.56 ↓	4.54 ↓
Vekt i sektor: 10%, vekt totalt: 2% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	5.89	5.84	5.96	6.08	6.46
GSK07 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1-7. trinn	100	100	94.64 ↓	80.28 ↓	95.77 ↑
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	76.72	79.26	81.88	82.29	82.42
GSK08 Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 8-10. trinn	97.06	67.24 ↓	36.36 ↓	32.98 ↓	96.43 ↑
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	75.32	77.5	81.11	81.05	81.8
GSK09 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 1-7. trinn	93.45	91.58 ↓	94.62 ↑	98.25 ↑	92.98 ↓
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	94.32	95.29	94.79	91.8	92.57
GSK10 Andel lærere som oppfyller kravene til undervisning, 8-10. trinn	100	100	98.92 ↓	100 ↑	100
Vekt i sektor: 7.5%, vekt totalt: 1.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	96.47	97.03	96.66	96.01	94.98
GSK11 Trivsel, 7. trinn, snitt siste fem år	84	84	86 ↑	83 ↓	83
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	87.76	86.75	85.75	84.86	83.57
GSK12 Trivsel, 10. trinn, snitt siste fem år	86	86	84 ↓	81 ↓	77 ↓
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	83.07	81.85	81.71	82.06	81.46
GSK13 Fysisk aktivitet, 5-7. trinn	87	92 ↑	94 ↑	94	111 ↑
Vekt i sektor: 5%, vekt totalt: 1% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	94.5	94.83	96.07	96.85	94.25
GSK14 Andel elever med spesialundervisning 1-4. trinn, snitt siste fire år	7.38	7.13 ↓	7.06 ↓	7.07 ↑	6.19 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	6.1	6.13	6.17	6.25	6.67
GSK15 Andel elever med spesialundervisning 5-7. trinn, snitt siste fire år	11.06	10.46 ↓	9.42 ↓	8.58 ↓	8.87 ↑
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	10.5	10.56	10.57	10.74	11.09
GSK16 Andel elever med spesialundervisning 8-10. trinn, snitt siste fire år	8.82	9.16 ↑	9.36 ↑	8.82 ↓	8.38 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	11.39	11.12	11.12	11.29	11.74
GSK17 Andel elever som får leksehjelp, 1-4. trinn	63.64	64.53 ↑	66.06 ↑	63.04 ↓	60.34 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	21.11	21.13	20.62	19.66	19.69
GSK18 Andel elever som får leksehjelp, 5-7. trinn	58.87	65.9 ↑	55.45 ↓	54.37 ↓	56.25 ↑
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	32.4	31.07	32.04	30.7	31.43
GSK19 Andel elever som får leksehjelp, 8-10. trinn	3.12	2.17 ↓	0 ↓	1.29 ↑	0 ↓
Vekt i sektor: 2.5%, vekt totalt: 0.5% Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi →	11.86	11.29	12.35	12.21	11.94

MERK: Gjennomsnittlig nøkkeltallverdi er ikke et statistisk landsgjennomsnitt, men snittet av de aggregerte nøkkeltallene

↑ ↓ = endring siden året før, forverring ↑ ↓ = endring siden året før, forbedring

Figuren under syner Gloppe samanlikna med våre gode grannar.

KATEGORI	ÅRETS ENDRING.	RANGERING
Grunnskole	66 ↗	# 53
Sammenlikn med	Nabo	
Sunnfjord	-18	# 4
Stryn	-50	# 31
Bremanger	+27	# 41
Gloppen	-66	# 53
Stad	+34	# 67
Kinn	# 206	-11

6 Oppvekstbarometer Gloppen



Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og taikolonnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønssamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I [Kommunehelse statistikkbank](#) finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▬ Dei ti beste kommunane i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Oppvekstbarometer for Gloppen
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	21,3	20,8	20,3	prosent	
	2 Innvand. og norskf. med innv.foreldre	16,6	16,3	21,0	prosent	
Lævekår	3 Barn i fam. m/vedvarande låg inntekt	9,7	9,3	11	prosent	
	4 Barn i familiar som mottok sosialhjelp	7,9	4,5	6,3	prosent	
	5 Bur trangt, 0-17 år	14	18	18	prosent	
	6 Barn med barnevernstiltak, 0-17 år	3	3,3	3,5	prosent	
	7 Unge som står utafor, 15-24 år	8,6	7,0	7,6	prosent (a,k)	
	8 Mottakarar av uførepensjon, 18-29 år	1,9	1,9	2,2	prosent (a,k)	
Barnehage og skule	9 Bemanning i barnehage, oppfylt	86	84	63	prosent	
	10 Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	26	25	24	prosent (k)	
	11 Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr.	29	24	26	prosent (k)	
	12 Trivst på skulen, 7. trinn	80	84	85	prosent (k)	
	13 Blir mobba på skulen, 7. trinn	8,4	7,9	8,4	prosent (k)	
	14 Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	41,4	43,3	43,0	poeng (k)	
Fritid og nærmiljø	15 Gjennomføring i vdg. opplæring	84	81	80	prosent (k)	
	16 Fornøgd med treffstadar, 2021	35	43	46	prosent (a,k)	
	17 Med i fritidsorganisasjon, 2021	62	61	60	prosent (a,k)	
	18 Fortruleg venn, 2021	87,9	88,0	88,1	prosent (a,k)	
	19 Einsemd, 2021	24	26	25	prosent (a,k)	
	20 Regelbrudd, Ungd. 2021	9,5	8,7	8,6	prosent (a,k)	
Helse og helseleiferd	21 Skjermtid over 4 timar, 2021	37	46	49	prosent (a,k)	
	22 Fornøgd med helse, 2021	64	68	68	prosent (a,k)	
	23 Høg tilfreds. med livet, Ungd. 2021	46	49	49	prosent (a,k)	
	24 Psykiske plager, 2021	14	17	17	prosent (a,k)	
	25 Psykiske sympt./lidningar, 15-24 år	123	164	176	per 1000 (a,k)	
	26 Problem med søvn, 2021	29	30	31	prosent (a,k)	
	27 Har brukt cannabis, 2021	-	2,7	3,1	prosent (a,k)	
	28 Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	24	25	28	prosent (k)	
	29 Overvekt og fedme, 17 år	24	21	22	prosent (k)	
	30 Alkohol, har vore berusa, 2021	17,4	10,2	12,7	prosent (a,k)	

Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):

* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkelsen manglar. Les meir om moglege årsaker til at tal frå Ungdataundersøkelsen manglar og grunngeving for eittårige lands- og fylkestal for 2021 og 2022 [her](#).

Oversikta syner scoren til Gloppen på ein del offentleg statistikk. Oppvekstprofilen for Gloppen 2025 vert lansert 9. april. På ein del av desse indikatorane så har vi nyare tal, men likevel gjev den eit bilde av stoda i Gloppen. Kvart år har oppvekstprofilen eit tema. I 2024 var tema vennskap og fellesskap med jamaldra er viktig for barn og unge. Der viser dei til Ungdata 2021 og vi har fått presentert Ungdata 2024, så tek difor ikkje med dei tala der.

7 Oppsummering

Kvalitetsmeldinga har mykje tal og tabellar. Vi hadde i år intensjon om å nytte Framsikt fullt ut som verktøy i utforminga av kvalitetsmeldinga. Fordelen med det er at det ligg mykje statistikk og kostra tal i Framsikt analyse som vi kan nytte og lage eigne tabellar av. Då vil vi seinare kunne nytte automatikken til å oppdatere tabellane med dei siste tala og såleis spare mykje tid. Det har vi gjort, men teknikken og Framsikt svikta oss i siste liten slik at tabellane og statistikken ikkje virka slik dei skulle. Det har gjort til at den varianten du ser no er ein hybrid, der det meste er klipt inn i siste liten og ikkje framstår som dynamiske modellar.

Gloppen opplæringscenter er teken med her for å gje ein status på arbeidet der ein liten del er grunnskuleopplæring. Hausten 2024 fekk dei nye læreplanar som er modulbasert grunnskuleopplæring eller førebunde opplæring for vaksne (FOV) som det no heiter. Det er utfordrande med nye læreplanar i tillegg til at dei er modulbasert som skal tilpassast den einskilde elev. Det er eit opplegg som er tilpassa større stader der det er lettare å dele klassene etter dei ulike modulane. Gloppen opplæringscenter står for den obligatoriske opplæringa i norsk og samfunnskunnskap og avklar prøvene som skal til for å få permanent opphald i Norge. 11 kandidatar tok eksamen i samfunnskunnskap og 19 kandidatar i norsk.

Nasjonale prøver er obligatorisk på 5., 8. og 9. trinn. Prøvene skal vere læringsstøttande og hjelpe til i det vidare læringsarbeidet i tillegg til å gje ein status på nivået til elevane. Generelt så er resultatene i 5. klasse lågare enn året før, det vil alltid vere svingingar mellom ulike kull. Det er gledeleg å sjå at engelskresultata har betra seg i form av færre elevar på lågaste nivå. Når det gjeld lesing i 5. klasse så har vi framleis litt for mange elevar på lågaste meistringsnivå, men utviklinga går rett veg. Når vi kjem til 8. klasse så ser vi at i lesing så har vi like mange elevar som på nasjonalt nivå er på dei høgaste meistringsnivåa, men vi har og fleire på lågaste meistringsnivå, så vi har større strekk i laget enn Vestland og fylket. Rekning er dei prøvene vi totalt sett gjer det best på samanlikna med andre.

Karakterar danna grunnlag for kva våre elevar tek med seg inn i søknaden til vidaregåande skule. Standpunkt-karakterane dannar grunnskulepoenga saman med eksamen, som vi ser at vi ligg under både fylket og nasjonalt dei siste åra, sjølv om skilnaden har minska. Vi ser at vi siste året vurderer oss relativt likt med fylket på standpunkt-karakterane. På eksamens-karakterane så ligg vi siste året under dei nasjonale tala, året før låg vi over. Vi ser at differansen mellom gutar og jenter sine grunnskulepoeng er høgare enn fylket og nasjonalt. Her har vi framleis ein jobb å gjere både i å motivere gutane, men og legge tilrette slik at vi får fram deira kunnskap. Vi ser at vi har framleis gode tal på overgang og gjennomføring i vidaregåande skule.

Fråvær er eit tema som er i fokus både lokalt og nasjonalt. Vi ser at totalfråværet har etter koronapandemien lagt seg på eit høgare nivå, sjølv om det har gått ned og stabilisert seg etter 2022. Ser vi vidare på kor mange elevar som har over 10% fråvær målt i dagsfråvær, så er bilde eit heilt anna. Tal elevar har omtrent dobla seg siste 3 åra som har meir enn 18 dagar skulefråvær. Den gruppa består av elevar med både planlagt fråvær og fråvær som er lett å forklare. Gruppa elevar som har meir samansette årsaker til fråværet er aukande og det er komplekse saker å løyse slik at elevane skal få ein god skulegang. Fråvær er eit fokusområde for oss, men det er eit område med få klare svar.

Elevundersøkinga syner at 7. klassingane våre scorar seg sjølve godt på dei ulike områda, dei er svarar klart over dei nasjonale tala. Ser vi på Ungdata så svarar mellomtrinnelevane at 86% av dei trivst på skulen, jentene kjedar seg mindre og føler seg meir sett av lærarane. Gutane kjedar seg meir, men trivst godt i friminutta. Elevane på ungdomsskulen som svarar at dei er nøgde med skulen har gått ned siste åra, det same gjeld om dei kjenner at lærarane bryr seg. 30% av elevane svarar at dei guar seg til å gå på skulen. Det er tal vi må finne ut av.

Mobbing eller trygt og godt skulemiljø er noko det har vore jobba mykje med i Gloppenskulen siste åra. Vi har hatt samarbeid med Læringsmiljøsentret ved universitetet i Stavanger. Vi har hatt opplæringa for nokre i Innsatsteam (for trygt og godt skulemiljø) mot mobbing. Det har og vore kompetanseheving for alle. Det er få tal som er offisielle, men utifrå dei tala som er offisielle så ser vi ein klar nedgang på 7. trinn. Det same gjeld 10. trinn. Vi ser det same på dei tala som ikkje er offisielle. Vi ser det og på tal saker som får tiltak på seg i skulen i form av ein aktivitetsplan.

Individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) som det heiter i ny opplæringslov (tidlegare spes.ped) er alltid interessant å sjå på utviklinga av. Vi ser at Gloppen har tal som ligg under både fylket og nasjonalt. Det er bra. Spørsmålet er likevel heile tida om di klarar å tilpasse den ordinære undervisninga slik at elevane får den faglege støtta dei treng og samstundes er del av eit fellesskap.

KOSTRA tal har ikkje direkte med resultat i grunnskulen å gjere, men dei er interessante i ein fase med fokus på økonomi i kommunen. Vi ser at tal elevar pr lærar har auka siste åra, sjølv om vi ligg litt under fylket framleis. Vi ser og at den villa utviklinga i assistentårsverk har gått ned, slik at vi der no er under fylket. Vi ser at samanliknar vi oss med KOSTRA gruppa vår så er vi dyrare pr elevplass enn samanliknbare kommunar. Vi ser og at vi ligg litt under fylket og litt over landet på kostnad pr elev pr innbyggjar i Gloppen.

Kommunebarometer og oppvekstbarometer er samansette målingar som folkehelseinstituttet og kommuneforlaget lagar årleg basert på ei mengde offentleg statistikk. Summen er at dei syner at vi har ein god skule i Gloppen og så vil det alltid vere områder vi kan jobbe meir med å utvikle og forbetre. Bruk denne meldinga som utgangspunkt for kva du tenkjer om kva fokus på skal ha på skule framover. Kva mål skal vi setje oss i oppvekstplanen som kjem på bordet i løpet av året.